



Alsaker Fjordbruk AS  
5694 ONARHEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/248 - 16/2469

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

09.02.2016

## Godkjenning av søknad om løyve til bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget

**Administrativt vedtak. Saknr: 35/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 28.01.2016.

Settefiskanlegget Salar Bruk AS søker om generell dispensasjon frå lokal forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Det vert søkt om løyve fram til 31.12.2016. Salar Bruk oppgeve at dei har installasjonar (leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m.) i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid skal vera operative, er ein heilt avhengig av m.a. ulike kontrollfunksjonar. For å utføra denne delen av drifta, er det viktig å kunne nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunne utføra turvande gjeremål/service m.m.

Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trong for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak. Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa mogelege skader eller utføra planlegde tiltak, vil vera heilt avgjerande. Søklar skriv vidare i søknaden at dei vil tru at ovannemnde tiltak i ei eller anna form, vil vera så pass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevast turvande dispensasjon frå forskrifta slik det m.a. vert skissert i §5 (jamfør særlege grunnar i § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag). I samarbeid med kommunen vil det vera praktisk at eit eventuelt løyve til bruk av motorfartøy kan gjelda for eit lengre tidsrom.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Settefiskanlegget fekk i 2015, sak 44/2015, generell dispensasjon til å nytta motorfartøy i Rylandsvassdraget for året 2015. Løyvet vart m.a. gjeve på vilkår av at det skulle førast logg over tal turar og timar som motorfartøy vart brukt, samt at dette skulle rapporterast til kommunen. I den aktuelle tida i 2015 nytta verksemda open båt med motor totalt 4 gonger på Rylandsvatnet. Dei er utført i samband med kontroll av inntaksleidningsarrangementet og har hatt ein varigheit på mellom ½ time til 1 time.

### **Vurdering:**

I § 5 i den lokale forskrifta finn ein m.a.: I medhald av § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag kan kommunen gjeva løyve til bruk av motorfartøy etter søknad. Løyvet kan gjevast til eit høve eller tidsrom. Meland kommune kan setja vilkår for løyvet.

Administrasjonen meiner at løyvet med vilkår som vart gjeve i 2015 har fungert godt og det kan difor vidareførast i 2015 som omsøkt.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev Salar Bruk AS generell dispensasjon til å nytte motorfartøy i Rylandsvassdraget i samband med kontroll og vedlikehald av deira installasjonar. Løyvet gjeld frå 11.02.2016 til 31.12.2016.

Løyvet vert gjeve på fylgjande vilkår:

1. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten på fartøyet må ikkje overstige 5 knop. (1,852 km/t). jf § 4 i: Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.
2. Salar Bruk AS skal føre logg over tal turar og timar som motorfartøy vert brukt i løyvingsperioden. Når perioden er slutt skal kopi av loggen sendast Meland kommune.

Vedtaket har heimel i forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget § 5.»

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Alsaker Fjordbruk AS

5694

ONARHEIM